



## Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon  
Terje Natland, 5557 2168

Vår dato  
25.09.2018  
Deres dato

Vår referanse  
2018/11962 421.53  
Deres referanse

Anne Karin Eide  
Hodnesdalsvegen 43  
5915 Hjelmås

### Tilsegn om tilskot - Lindås - Bygging av landbruksveg - Lunndalsvegen II - Gunnar Eide

Viser til Dykkar søknad om tilskot til Lunndalsvegen II skogsveg klasse 4, datert 23.09.2018.

#### Vedtak

Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om inntil kr 112.500,- til Lunndalsvegen skogsveg. Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1.09.2021.

#### Merknad

- Veglaget har oppgjeve ein kostnad for vegen på kr. 250.000.- dette gjev ein meterpris på kr 1.000.-. Dette er om lag vanleg kostnad i fylket.
- Veganleggget er sett opp med 100 % skogdel.
- Fylkesmannen godkjenner ein vegkostnad på kr 250.000.- for dette anlegget som gjev grunnlag for eit tilskot på kr 112.500.-
- Tilskotet vert gjeve med inntil 50 % av godkjente kostnader.
- Veganleggget er med dette ferdig løyvd.
- Veglagsformann er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet blir gjort kjent for deltakarane i veglaget
- Det vert vist til: «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket, §5 Tilskudd til veibygging».
- Og til: «Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland» fastsett av fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga gjeldande frå 1. februar 2016.

#### Vilkår

- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til den vegklassen det er gjeve løyve og tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.
- Fylkesmannen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst.

- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.
- Skogareal som vert hogd blir tilfredsstillande forynga, slik at det vert drive eit utholdande skogbruk i området.
- Veglaget skal leggje fram byggjeplan godkjent av kommunen før tilskot vert gjeve.
- Det skal ligge føre anbud og normalkontrakt for bygging av landbruksveg som grunnlag for tilskot.
- Vegen skal godkjennast før grusing

### **Utbetaling**

- Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1.09.2021
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapssamandrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga vert ikkje betalt ut før veganleggget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på foreskreven vis.

*Dette vedtaket kan klagast på, sjå forvaltningslova § 29. Eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet og skal sendast FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.*

Med helsing

Dirk Kohlmann  
ass. landbruksdirektør

Terje Natland  
fylkesskogmeister

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Lindås kommune    Kvernhusmyrane 20    5914 ISDALSTØ  
Gunnar Arild Eide    Hodnesdalsvegen 43    5915 Hjelmås